

Føretaket **Bergen Omland Eiendomstaksering AS**, org.nr. 997891732, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde **kontroll (KTR) våtrom og lufttettheit**.

Føretaket har erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utførar arbeidet. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vi gjer merksam på at all nødvendig prosjektering skal vere oppfylt ved igangsetjing.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna undersøkt det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn § 1.1 i kommuneplanen for oppføring av einebustad med garasje.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for oppføring av einebustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 21.11.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Før bruksløyve vert gjeve må det dokumenterast at eigedommen er tilkoppa offentleg vass- og avløpsanlegg.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg skal opparbeidast i samsvar med godkjent situasjonsplan datert 21.11.2014.
5. Erklæringar om privatrettslege avtalar skal tinglysast.
6. Kontor som går fram av planteikning er godkjent som heimekontor.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK), 23-5 (PRO), 23-6 (UTF) og 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Vestlandshus Mjelde AS	977071003	S	1	SØK
PRO	Vestlandshus Mjelde AS	977071003	S	1	Situasjonsplan og uteareal, <u>arkitektonisk</u> <u>byggningsutforming,</u>

Vestlandshus AS

	Vestlandshus AS				<u>energitiltak og netto energibruk, mursystem, våtrom og lufttetthet, teknisk prosjektering av trehus</u>
	Vest Oppmåling AS	987321679	S	1	Oppmålingsteknisk prosjektering og husplassering
	Systemair AS	929387384	S	1	ventilasjon
	Hjelmås VVS AS	988410586	S	1	Sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett og vannboren varme
UTF	Vestlandshus Mjelde AS	977071003	S	1	Tømrerarbeid
	Vest Oppmåling AS	987321679	S	1	Husplassering
	Hjelmås VVS AS	988410586	S	1	Sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett og vannboren varme
	Nordhordland Grunn og Betong AS	990193975	S	1	Grunn- og betongarbeid
	Hans Jarle Haukås	970318682	S	1	Membran og flisarbeid våtrom, skorstein og eldstad
KTR	Bergen Omland Eiendomstaksering AS	997891732	S	1	Våtrom og lufttetthet

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 bokstav b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.